



Bjørgulv Eik i gang med førsteslåtten onsdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi er omtrent ei veke før ute enn normalt, sa Bjørgulv Eik då han starta førsteslåtten sentralt i Uskedalen onsdag og mintes st han starta 2. juni i fjor.

Det drivande veret har ført til ein eksplosiv vekst, men no ropar vekstane etter regn. Uskedalen.no registrerer at bønder både oppe i dalen og nærmare fjorden viser til veksthemning og tendens til tørkeskader. Det gjer også Bjørgulv Eik.

På Halsnøy kom førsteslåtten i gang allereie i førre veka og det var rekordtidleg. Også i Rosendal er dei for lengst igong, kan Eik fortelja.